

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 20.3.19

Stad: Fjordsenteret

Sak 12/19. Søknad om fellingsløyve til jaktkarusellen

### **Saksopplysning/vurdering**

Aurland skyttarlag har i brev den 21. februar søkt fjellstyret om eit fellingsløyve for rein som premie til trekning mellom dei som deltek i jaktkarusellen. Denne vert arrangert i samarbeid mellom skyttarlaga Aurland og Stålring og Aurland jakt- og fiskelag. For å delta i trekninga, må ein ha vore med på minst fire av dei seks jegerskytingane i karusellen. Søknaden frå Aurland skyttarlag ligg ved.

Fjellstyret har i mange år bidrege med eit fellingsløyve for fritt dyr til jaktkarusellen. I fjor vart det gjeve eit løyve for simle/ungdyr, grunna liten fridyrskvot. Det er mykje truleg at utsiktene til å vera med i trekninga av dette løyvet for ein del jegerar er med på å auka interessa for å vera med på skytekveldane, og dermed bidreg til å betra skyteferdigheitene til jegerane i kommunen.

Slik det ligg an til i år, ut frå kvoteframlegget frå styret i villreinutvalet, vert det truleg sett ein høg kvote av fridyrskort og reine bukkkort i jakta. Sidan ordninga med reine bukkkort er noko det må søkjast om dispensasjon for, og ein ikkje no kan seia sikkert kjem på plass, vil eg føreslå at fjellstyret i år gjev eit fellingsløyve for fritt dyr til jaktkarusellen. Prisen for eit fridyrsløyve i Aurland statsallmenning var i 2018 kr 1700.

### **Framlegg til vedtak**

Fjellstyret gjev eit fellingsløyve for fritt dyr til trekning mellom dei som deltek i jaktkarusellen for 2019 etter fastsette retningsliner.

Fjellstyrekontoret, den 15.3.19

Harald Skjerdal



Aurland Fjellstyre

5745 Aurland

Aurland, 21.02.2019

### **Søknad om reinsdyrløyve som premie i jegerkarusellen 2019**

Aurland Skyttarlag, Stålring Skyttarlag og Aurland Jakt og Fiskelag har i veldig mange år bidrege med aktivitet som styrkar jægrane sine skyteferdigheiter.

I år som tidelegare år vil me i mai starte opp at med jegerskytingane/karusell, der me vonar Aurland Fjellstyre vil bidra med ein reinsdyrløyve som premie i jegerkarusellen.

Vinnaren av premien vil i år som tidelegare bli tilfeldig trekt ut blant dei jegrane som fullfører minimum fire jægerskytingar av i alt seks.

Vedlagt følgjer eit utkast til datoar for gjennomføring av jegerkarusellen i 2019.

I tillegg vil Aurland skyttarlag stå som arrangær av ei jaktfelskyting som vil vere open for alle jegrar i tilgrensande kommunar m.fleire.

Høyrer frå dykk så fort som mogleg.

Med helsing

Aurland Skyttarlag

Magne Forberg

(sign)